

**SELSKAPSAVTALE
FOR
HALLINGDAL RENOVASJON INTERKOMMUNALE SELSKAP (IKS)**

§ 1. Namn

Hallingdal Renovasjon Interkommunale Selskap (IKS) er eit interkommunalt selskap organisert etter lov om interkommunale selskap av 1999 nr 6, og ei vidareføring av Hallingdal Renovasjon, tidlegare organisert etter kommunelova § 27.

§ 2. Deltakarar

Følgjande kommunar er deltagarar i selskapet:

Flå kommune, Nes kommune, Gol kommune, Hemsedal kommune, Ål kommune, Hol kommune og Krødsherad kommune.

§ 3. Hovudkontor

Selskapet har hovudkontor i Kleivi i Ål kommune.

§ 4. Føremål

Hallingdal Renovasjon IKS skal ha som formål å drive innsamling og handtering av husstandsavfall næringsavfall og slam med grunnlag i sjølvkostprinsippet.

Selskapet skal også drive produksjon og sal av energi basert på forbrenning av avfall og andre fornybare ressursar.

Selskapet skal være ein pådrivar for ei positiv miljøretta utvikling innanfor forretningsområdet, og bidra aktivt til utvikling av Hallingdal som ein "Grøn Region".

§ 5. Oppgåver

Selskapet skal tilby og være det beste anlegget for sluttbehandling av avfall frå Hallingdal, Krødsherad og nærliggande område.

Selskapet skal også kunne opprette og drive aksjeselskap innan forretningsområdet, etter vedtak i Representantskapet. Representantskapet skal være/ velje representant(er) til generalforsamlinga. Selskapet kan være eigarkommunane sin utøvande kontrollmyndighet for næringsavfall.

§ 6. Eigarpart og deltagaransvar

Folkemengde 31. desember 2019.	Eierfordeling	
	Personer	HR IKS 2019-2023
Flå	1050	4,62 %
Nesbyen	3273	14,39 %
Gol	4608	20,26 %
Hemsedal	2486	10,93 %
Ål	4674	20,55 %
Hol	4441	19,53 %
Krødsherad	2212	9,73 %
	<hr/>	
	22744	100,00 %

Deltakarane sin eigardel skal regulerast for 4 år om gongen i høve til innbyggjartalet i den enkelte kommunane 1. januar påfølgjande årsskifte etter kommuneval.

Går ein deltakar ut av selskapet, eller nye trer inn skal eigardelen regulerast i høve til ny fordeling etter same utrekning.

Den einskilde deltakar heftar uavgrensa for den same prosentvise part av skyldnadene til selskapet som han har eigarpart, jf over.

§ 7. Inntekter og Innskotsplikt

Selskapet skaffar seg inntekter frå betaling for tenester som vert utført innafor forretningsområde, ved innskott/tilskott frå deltakarane, tilskott frå staten og ved opptak av lån i kreditinstitusjonar med pant i selskapet sine faste anlegg.

Kostnader med transport og behandling av avfall og slam, skal vera like for dei tenestene selskapet utfører for deltakarane. For innsamling av avfall skal selskapet prise tenestene etter den servicegrad som utførast for deltakaren.

Deltakarane innbetaiar til selskapet forskottvis og kvart kvartal (1. januar, 1. april, 1. juli, 1. oktober) 25 % av budsjettet kostnad pr. år for kvar deltakar for dei tenester selskapet utførar for deltakarane. Endeleg oppgjer for utførte tenester skjer med avrekning ved årsoppgjøret.

Vert det kravd at deltakarane skal gje innskott, stille ny eigenkapital eller garantere for nye lån, må det gjerast vedtak om dette av det einskilde kommunestyre og beløpet skal tilsvare deltakaren sin eigarpart i selskapet. Investeringar finansiert av selskapet, betaling for selskapets tenester og liknande, reknast ikkje som innskott.

§ 8. Representantskapet

Representantskapet er øvste organ i selskapet.

Representantskapet har 14 medlemmer, slik at kvar deltakarkommune vel 2 medlemmer med personlege varemedlemmer til representantskapet.

Den einskilde deltakar vel sine medlemmer til representantskapet for kommunevalperioden. Funksjonstida startar 1. desember det året medlemane er vald. Kommunelova §§14, 15 og 16 gjeld for deltakarens val av sine medlemmar.

Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar for 2 år om gongen.

Deltakarane har instruksjonsmynde overfor sine medlemmar til representantskapet.

Styremedlemmer og varemedlemmer, styret sin leiar og nestleiar vert vald av representantskapet for to år om gongen. Før valet skal deltakarane kome med framlegg til representantar til styret. Representantskapet har instruksjonsrett og kan overprøve vedtak fatta av styret.

§ 9. Representantskapet sine møte

Leiaren i representantskapet kallar inn til møte i representantskapet når det er nødvendig for handsaming av ei sak som etter lov om interkommunale selskap, eller selskapsavtala skal handsamast av representantskapet, og når det elles er nødvendig for handsaming av ei særskild sak.

Leiaren i representantskapet har plikt til å innkalle representantskapet til møte når styret, revisor, minst ein av deltakarane, eller minst ein tredel av representantskapets medlemmer krev det for handsaming av ei særskilt oppgitt sak.

Innkalling til representantskapsmøte skal gjerast med minst fire vekers varsel, og skal innehalde saksliste. Med tilsvarande frist vert også den einskilde deltakar i selskapet varsla.

Innkalling skal vere skriftleg.

Ordinært representantskapsmøte skal kallast inn innan utgangen av mai månad.

Ordinært representantskapsmøte skal handsame:

- Årsmelding
- Rekneskap
- Val av styre
- Val av revisor
- Overordna mål og retningsliner for drifta
- Foresetnader for budsjett- og økonomirammer
- Rammer for låneopptak og tilskott frå deltakarane
- Andre saker som er førebudd ved innkallinga

Ekstraordinært representantskapsmøte til handsaming av særskild framsette saker kan kallast inn av representantskapets leiar med kortare varsel når det er nødvendig.

Leiaren i representantskapet er møteleiar, eller, ved hans forfall nestleiar. Er ingen av desse til stades skal det veljast ein møteleiar.

Dagleg leiar og styreleiar har møteplikt og talerett. Styremedlemmar har møte- og talerett.

I representantskapet har alle medlemmer stemmerett, men slik at den enkelte deltakars medlemmer til saman stemmer for deltakaren sin eigarpark i selskapet. Representantskapet fattar vedtak med alminneleg fleirtal etter eigarpark. Ved likt stemmetal avgjer møteleiar si stemme.

Møteleiar sørger for at det vert ført protokoll frå møta. Møteleiar og to av medlemmane som er valt ved møtet når møtet startar skal skrive under protokollen.

Styremedlemmer og dagleg leiar har rett til å få sitt syn på ei sak innført i protokollen.

§ 10. Styret

Selskapet skal ha eit styre med ein medlem frå kvar eigarkommune medlemmar, samt ein representant for dei tilsette.

Styremedlemmer og varemedlemmer, styret sin leiar og nestleiar vert vald av representantskapet for to år om gongen. Før valet skal deltakarane kome med framlegg til representantar til styret.

Tilsette vel sin representant i fellesmøte.

Medlemmer av representantskapet eller dagleg leiar kan ikkje vere medlem av styret.

Spørsmål om fritak for styremedlem skal handsamast av representantskapet. Dersom ein medlem går endeleg ut, eller har varig forfall, vert det valt nytt medlem for resten av valperioden. Tilsette sin representant trer ut av styret dersom tilsettjingsforholdet vært avslutta.

§ 11. Styrets mynde og oppgåver

Styret skal sjå til at verksemda vert driven i samsvar med:

- selskapet sitt føremål, selskapsavtala
- gjeldande avfallsplan for Hallingdal
- selskapet sitt årlege budsjett
- andre vedtak og retningslinjer fastsett av Representantskapet

Styret skal innan gjeldande frist utgreie og legge fram forslag til årsmelding, rekneskap, budsjett med økonomiplan og handlingsplanar og andre saker til behandling i Representantskapet.

Styret set i verk representantskapet sine vedtak, men kan berre ta opp lån eller påføre deltakarane forplikting i den utstrekning det ligg føre særskilt vedtak om dette av representantskapet, jf også selskapsavtala § 17.

Selskapet kan teiknast av Styreleiar og dagleg leiar i fellesskap. Ved Styreleiarars fråvær trer nestleiar i denne stad.

Styret tilset dagleg leiar, og fastset tilsettingsvilkår.

§ 12. Styret sine møter

Styremøta vert leia av styreleiar eller om styreleiar har forfall, av nestleiar. Er ingen av desse til stades, skal det veljast ein møteleiar. Styret fattar vedtak med alminneleg fleirtal. Ved votering i styret skal kvar stemme telje likt. Ved likt stemmetal avgjer møteleiar si stemme ved votering. Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmane er til stades, inkludert møtande vara medlemmar.

Møteleiar sørger for at det vert ført protokoll frå styremøte. Protokollen skal normalt lesast opp og underteiknast ved avslutning av møte.

Tilsette sin representant har ikkje stemmerett ved saker som gjeld forholdet mellom styret som arbeidsgjevar og dei tilsette. Representanten har heller ikkje rett til å delta ved handsaming av saker som gjeld forskrifter, arbeidsgjevar sin førebuing til forhandlingar med tilsette, arbeidskonfliktar, rettstvistar med arbeidsgjevarorganisasjonar, eller oppseiing av tariffavtaler.

§ 13. Dagleg leiar

Dagleg leiar utøvar den daglege leiinga av selskapet og skal følgje dei retningsliner og pålegg som styret gir.

Dagleg leiar er styret sin sekretær og sakshandsamar. Vedkomande har tale- og forslagsrett i styremøte, dersom ikkje styret i enkeltsaker vedtek at vedkomande ikkje skal kunne møte.

§ 14. Organisering av tilsynsfunksjonar

Dagleg leiar skal til kvar tid halde styret orientert om alle forhold som er viktige for selskapet, her under om økonomi og personalforhold. Dagleg leiar skal rapportere til styret på ein slik måte og så ofte som situasjonen tilseier det, eller slik styret måtte bestemme. Styret skal sørge for at representantskapet til kvar tid har nødvendig oversikt og i tide kan førebu nødvendige disposisjonar.

Representantskapet sine møtebøker skal sendast til deltakarane direkte etter kvart møte, i tillegg til medlemmane i representantskapet.

§ 15. Budsjethandsaming

Representantskapet vedtek selskapet sitt budsjett for komande kalenderår.

Styret utarbeider forslag til detaljert budsjett, føresetnader for budsjett og gjer framlegg til budsjettrammer til representantskapet. Dersom styret sitt framlegg går ut over tidlegare føresetnader eller har verknader som går ut over rammene i deltakarane sin økonomiplan, skal representantskapet og deltakarane bli gjort merksame på dette. Det same gjeld forslag til endring av budsjettet innanfor budsjettperioden, jf også lov om interkommunale selskap § 19.

Ferdig handsama budsjett skal sendast deltakarane innan 1. oktober. Dersom selskapets budsjett gjer det nødvendig med innskott frå deltakarane, er budsjettet ikkje endeleg før budsjettet til deltakarane sjølv om handsama etter kommunelova § 45 nr 4, så langt det gjeld innskottet.

§ 16. Økonomiplan

Representantskapet skal ein gong i året vedta økonomiplan for selskapet. Planen skal leggast til grunn for selskapets budsjettarbeid og anna planleggingsarbeid. Økonomiplanen skal omfatte dei fire neste budsjettår og gi ein realistisk oversikt over sannsynte inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver, herunder investeringsplanar og finansieringa av desse i denne perioden.

I økonomiplanen skal det inngå ein oversikt over selskapets samla gjeldsbyrde og garantiansvar, og over utgifter til renter og avdrag i planperioden. Styret sørger for å utarbeide økonomiplanen. Planen skal sendast deltarane som grunnlag for deltarane sin økonomiplan.

§ 17. Låneopptak, garantiansvar og aksjeutviding

Selskapet gis ei total låneramme på kr. 120 millionar.

I forhold til langsiktig gjeld skal:

- kvart låneopptak vedtas i Representantskapet,
- lånet kan berre brukast til investeringar i bygningar, anlegg og varige driftsmiddel til eige bruk i Hallingdal Renovasjon IKS sin ordinære aktivitet,
- det kun tas opp lån til tiltak som er ført opp i årsbudsjettet

I tillegg kan selskapet ta opp lån for å konvertera eldre gjeld i ny gjeld med betre renta- og avdragsvilkår.

Låneopptak skal skje i norske kredittinstitusjonar. Låneopptaket skal godkjennast av Fylkesmann i Buskerud.

Selskapet kan ikkje stille garanti eller pantsette sine eigedeler som garanti for andre sin økonomiske skyldnad. Selskapet kan ikkje sjølv låne ut pengar.

§ 18. Arbeidsgjenvartilknyting

Selskapet er medlem av Kommunanes Sentralforbund, bedrift.

§ 19. Arbeidsgjeveransvar

Dagleg leiar utøvar arbeidsgjeveransvaret overfor tilsette i selskapet. Tilsetting skjer av dagleg leiar.

I tilsetjingssaker gjeld forvaltningslova og forskrift om partsoffentlegheit i saker som gjeld tilsetjing i offentleg forvaltning.

§ 20. Personalreglement

Styret vedtek personalreglement for tilsette i selskapet

§ 21. Lokale forhandlingar

Dagleg leiar gjennomfører forhandlingar i samsvar med Hovudavtale og Hovudtariffavtale.

§ 22. Godtgjersle til styret og representantskapet

Representantskapet fastsett godtgjøring til styret, representantskap og revisor.

§ 23. Klage

Klager over utførte driftsoppgåver, krav om godtgjersle eller tenester som er utført av selskapet skal rettast til styret. Administrasjonen skal gjevast høve til å gje uttale og eventuelt rette påklaga forhold.

Klage på vedtak i personalsak, handsamast av representantskapet dersom vedtaket er fatta av styret, eller av styret dersom vedtaket er fatta av dagleg leiar.

Klage på vedtak i medhald av særlov, følgjer lova sine reglar.

§ 24. Rekneskap og revisjon

Styret har plikt til å sjå etter at det vert ført lovmessig rekneskap og at det vert utført revisjon av selskapet.

Rekneskapen skal førast etter rekneskapslova, og skal vise den enkelte avdeling sine inntekter og kostnader.

§ 25. Endring av selskapsavtalen

Endringar av selskapsavtalen krev tilslutning frå alle deltagarane når det gjeld slike forhold som omtala i lov om interkommunale selskap § 4, 3. ledd. Andre endringar kan vedtakast av representantskapet med tilslutning frå minst tre fjerdedeler av stemmene frå deltagarane, jf § 9, jf § 6.

Framlegg til endring av selskapsavtale kan setjast fram av styret, representantskapet og ein eller fleire av deltagarane.

Styret skal i tilfelle få høve til å uttale seg om framlegg til endring av selskapsavtalen før det vert handsama av representantskapet.

§ 26. Utmelding

Den enkelte deltagar kan einsidig seie opp sitt deltagarforhold i selskapet med 2 års varsel.

Den enkelte deltagar kan tre ut av selskapet straks når deltagaren sin rett blir krenka, eller ved vesentleg mishald i forhold til selskapsavtalen.

Representantskapet eller deltagarane kan om dei meiner det er urimeleg innan 1 mnd. bringe spørsmålet inn for departementet for avgjersle.

Summen for utløysing vert fastsett til deltagaren sin nettoverdi ved utløp av frist for oppseiing, summen kan likevel ikkje overstige verdien av deltagaren sine innskott i form av kontantar eller andre innskott i selskapet. Er verdien i selskapet negativ betaler den som melder seg ut av selskapet si gjeld. Summen betalast straks.

§ 27. Innmelding av ny deltagar

Innmelding av nye deltagarkommunar kan skje dersom alle nåverande deltagarkommunane sluttar seg til dette. Krava til ny deltagar skal forhandlast om i kvart enkelt tilfelle, men som minimum skal ansvarsfordelinga i.h.t. denne selskapsavtalen reviderast med bakgrunn i folketallet ved føregåande årsskifte, og dei nye deltagarkommunane skal ta på seg eit garantiansvar for lån som tilsvrar den reviderte ansvarsfordelinga. Eigenkapitalen og den samla gjelda vært fastsett på bakgrunn av sist avgjorte rekneskap.

§ 28. Opplysing og avvikling

Ved framlegg til oppløysing av selskapet må vedtaket vere einstemt i Representantskapet, og vedtaket om oppløysing må godkjennast av deltagarane og av departementet. Blir det vedteke å oppløyse selskapet, vel representantskapet eit oppløysingsstyre med ein medlem frå kvar deltagar.

Styret pliktar å melde frå til føretaksregisteret ved avvikling.

§ 29. Valgift

Usemjø om tolking av avtalen skal løysast ved valgift, jf. Lov om valgift av 14. mai 2004 nr. 25, med mindre ein av deltagarane krev handsaming ved dei ordinære domstolar.

§ 30. Lov om interkommunale selskap

Lov om interkommunale selskap gjeld om ikkje anna er sagt i avtala her.

Denne selskapsavtale er i 8 eksemplar, eit til kvar av deltarane og eit eksemplar til Hallingdal Renovasjon IKS.

Torpo 10/3-2020
stad/dato


Birthe Dahl
Krødsherad kommune

Torpo 10/3-20
stad/dato

Merete d. Grandval
Flå kommune

Neslyngen 17/8-20
stad/dato

Tore Kvarstad
Nes kommune

TORPO 10/3-20
stad/dato


Aslak Særi
Gol kommune

Torpo 10/3-20
stad/dato


Birthe Dahl
Hemsedal kommune

Ål, 10/3-20
stad/dato


Solveig Vestenpr
Ål kommune

Torpo 10/3-20
stad/dato


Pål Rønning
Hol kommune